



MEDLEMSBREV NR. 1 – 2014.

Kjære medlem,

NETTSIDA vår <http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmene våre som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

BARNEBOKA “ Per Gjetar ” vart lansert på Libris Perstølen på Ål 26. oktober. Dette er ei bok til glede for både små og store - og helst i lag! Boksmia Forlag er utgjevar og boka kan bestillast direkte frå forlaget <http://www.boksmia.no>. Pris kr 280. ISBN: 978-82-91871-32-5

ÅRSPLAN 2014

VÅR-SLETTO

Fredag 25. april: Eva Almhjell foredrag om Anne Jensdotter Sletto og sonen Olav i Hemsedal Historielag.

Laurdag 26. april: Eva Almhjell les og fortel frå PER GJETAR og samtalar med barn i Hemsedal og Gol. Møta er i regi av Trøll i ord.

Onsdag 18. juni: Eva Almhjell foredrag om Anne J. Sletto/Anna Olsen i Geilo og sonen Olav i Geilo kulturkyrkje. Arrangør: Geilo kirkeråd..

Laurdag 21. juni: Årsmøte i Olav Sletto-selskapet på Vika velferdssenter kl. 1100 – 1400. Hovudtalar er **dr.art. Kari Telste**, seksjonsleiar NEG og forskingskoordinator ved Norsk Folkemuseum. Ho har skrive fleire bøker om kvinneliv i samfunnet, og foredrag om

tenestjentene si historie.

(Sogner/Telste:Ut å søkje tenest, DNS 2005).

Eva Almhjell fortel kort om arbeidet med å leite opp spor etter Anne Jensdotter Sletto, tenestjente og mor til to ”uægte børn”. Årsheftet 2014 blir presentert.

Det blir kaffe, litt å bite i, og svall.

Du kan også få kjøpt boka Per Gjetar, om du ikkje alt har henne.

HAUST-SLETTO

Torsdag 11. september:

Erling Rimehaug kåserer om temaet "Naturtru og gudstru - parallelle truer i norsk trushistorie". Dette er eit samarrangement mellom Olav Sletto-selskapet og Ål kyrkjeakademi.

Meir informasjon om møta vår og haust kjem seinare.

Medlemskontingenten 2014

Mange har betalt, men nokon kan enno glede seg til å betala kr. 200.- til kontonr. 2333 22 62998. Minner om namn og e-adresse i meldingsfeltet.

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

Sletto-materiale i Bygdearkivet

Du finn katalogen over Sletto-materialet i Hol Bygdearkiv på www.olavslettoselskapet.no

Vi hører gjerne frå dykk og ynskjer velkomen til spennande møter i 2014

Dette medlemsbrevet blir sendt som skjermbrev til dei medlemmene vi har e-postadressa til. Til dei som får brevet i posten, men som har e-postadresse:

Send melding til bmsletto@yahoo.no. så sparar vi mykje porto ved neste utsending.